

Deres ref.:
Vår ref.: 15/848-14
Saksbehandler: Hanne Skui
Dato: 17.06.2016

Informasjon om endringar i psykisk helsevernlova - utvida høve til å gjennomføre sikkerheitskontrollar i det psykiske helsevernet

Stortinget har vedteke endringar i psykisk helsevernlova § 4-6 som gjev utvida høve til å gjennomføre sikkerheitskontrollar i det psykiske helsevernet. Endringane trer i kraft frå 1. juli 2016.

Det er to endringar: Innføring av høve til å gjennomføre rutinekontrollar og utviding av dagens høve til å kontrollere med bakgrunn i grunngjeven mistanke.

Institusjonar for døgnopphald i det psykiske helsevernet skal no kunne innføre rutinekontroll av pasientens person (kroppsvisitering) og egedelar. Rutinekontroll skal kunne innførast når det er nødvendig for å vareta sikkerheita eller omsynet til helsehjelpa. Mindre inngripande tiltak skal vere vurderte.

Rutinekontroll skal kunne gjennomførast ved innlegging eller når pasienten kjem tilbake til institusjonen etter permisjon eller liknande. Formålet med kontrollane skal vere å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, rømmingshjelpe middel og farlege gjenstandar. I dag kan slik kontroll berre gjennomførast når det ligg føre ein konkret mistanke om innføring av uønskte gjenstandar. Institusjonen må dokumentere at vilkåra for å innføre rutinekontrollar er oppfylt. Dette omfattar også vurderingar av t.d. omfanget av kontrollane.

Vidare skal alle pasientar som kjem til ein institusjon i det psykiske helsevernet, uavhengig av om det dreier seg om innlegging til døgnbehandling eller ikkje, kunne kontrollerast når det ligg føre ein grunngjeven mistanke om at pasienten har med seg legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, rømmingshjelpe middel eller farlege gjenstandar. Fram til no har lovheimelen for slik kontroll i psykisk helsevernloven vore avgrensa til institusjonar for døgnopphald.

Kontrollar skal gjennomførast så omsynsfullt som mogeleg. Intensiteten i kontrollen av den einskilde pasienten må stå i eit rimeleg forhold til det ein kan oppnå ved kontrollen. Kroppsvisitering skal gjennomførast av ein person av same kjønn som den som blir kontrollert. Det er ikkje lov å undersøke holromma i kroppen.

Lovendringane gjeld både for pasientar som er under frivillig psykisk helsevern, tvungen observasjon og tvungent psykisk helsevern.

Helsedirektoratet

Avdeling psykisk helsevern og rus

Hanne Skui, tlf.: 24163297

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Det er vedteke liknande heimlar for rutinekontroll i rusinstitusjonar som etter planen trer i kraft hausten 2016.

Forarbeida til lovendringane (Prop. 78 L (2015-16)) kan lesast på www.regjeringen.no

Vennlig hilsen

Gitte Huus e.f.
avdelingsdirektør

Vårin Hellevik
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Helse- og omsorgsdepartementet		Postboks 8011 Dep	0030 OSLO
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder		Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud		Postboks 1604	3007 DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark		Statens hus	9815 VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark		Postboks 4034	2306 HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland		Postboks 7310	5020 BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal		Julsundvegen 9	6412 MOLDE
Fylkesmannen i Nordland		Moloveien 10	8002 BODØ
Fylkesmannen i Nord- Trøndelag		Postboks 2600	7734 STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland		Postboks 987	2626 LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus		Postboks 8111 Dep	0032 OSLO
Fylkesmannen i Rogaland		Postboks 59 Sentrum	4001 STAVANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		Njøsvegen 2	6863 LEIKANGER
FYLKESMANNEN I SØR- TRØNDELAG		Postboks 4710 Sluppen	7468 TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN
FYLKESMANNEN I TROMS		Postboks 6105	9291 TROMSØ
Fylkesmannen i Vestfold		Postboks 2076	3103 TØNSBERG
Fylkesmannen i Østfold		Postboks 325	1502 MOSS
HELSE MIDT-NORGE RHF		Postboks 464	7501 STJØRDAL
Helse Nord RHF		Postboks 1445	8038 BODØ
Helse Sør-Øst RHF		Postboks 404	2303 HAMAR
HELSE VEST RHF		Postboks 303	4066 STAVANGER
STATENS HELSETILSYN		Calmeyers gate 1	0183 OSLO
<u>Kontrollkommisjonene i det psykiske helsevernet</u>			

